

Fint pyntearbeid på kyrkjegarden.

12.03.2016



Det har vore gjort eit godt tynningsarbeid i trekkja mellom gammal og ny del av kyrkjegarden.

På veg til butikken i dag vart eg tipsa om at det siste veka hadde føregått ein godt arbeid på kyrkjegarden ved at ein del buskar og tre har vorte tynna og beskorne. Det har mellom anna vorte tynna i greiner på trekkja som står i skiljet mellom den nye og den gamle delen av kyrkjegarden. Også buskar borte ved gjerdet har vorte skorne.



Også langs gjerdet er det gjort ein jobb, og her ligg riset klar til henting.

Arbeidet har pågått i to dagar og det har gjort kyrkjegarden både lysare og finare. Kjelda vår kunne fortelja at det var kommunegartner Helge Naterstad som hadde gjort arbeidet, men han hadde også hatt hjelp av Inger Elise Helgeland. Lars og Svanhill Haugland hadde også hjulpet til med vekkjøring av ris.

På utsida av kyrkjegarden har også medlemmer i Uskedal båtlag gjort ein jobb med rydjing og tynning i vegetasjonen. Dette har gjort at heile området har fått ei ansiktsløfting.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland